



**Uskedelingane Jofrid Eik og Siv Framnes, som sit i styret for Kvinnherad Turlag, var blant mottakarane av Kulturprisen for 2011 då han vart utdelt i Rosendal Samfunnshus i kveld. Laget har drive aktiv kulturarbeid i mange år og ordførar Synnøve Solbakken sa at kommunen er heldig som har slike entusiastar som dei i laget.**

Leiar Anne Karin Enes syntes laget fortente prisen og trakk fram turleiarane som gjer eit så omfattande turprogram mogeleg. Ho rosa alle idealistane i laget som merkjer og vedlikeheld alle løypene året rundt. Ho berømme også dugnadsfolka for vedlikehaldet av hyttene og slo fast at svært mange bidrar til å gje folk gode naturopplevingar. Arbeidet er samfunnsnyttig av omsyn til folkehelsa og og trivselen ved å bu i kommunen, heldt leiaren fram

På biletet står sju frå styret slik frå venstre: Siv Framnes, Svein Bergseth, Anne Kari Enes, Jan Helge Opsanger, Bunnlaug Vågen Tjelmeland, Sigve Solheim og Jofrid Eik.

Tekst og foto: Kristian Hus, HusnesNett